

Etablering av «Olav Toft si samling» i nye lokalar på tidlegare Tofterøy Skule i 2016.

Olav Toft (1922-2007) er rekna for å vera ein av våre beste lekfolk innan arkeologi og kulturhistorie. Han vaks opp på Tofterøy i Sund kommune, og har levert eller peika ut 3000 oldtidsfunn på Sotra og lokalisert om lag 70 bustadar frå steinalderen. Han har òg samla gjenstandar til Berge bygdemuseum i Sund kommune. Deler av denne samlinga vert i disse dagar flytta til tidlegare Tofterøy barneskule. Skulen blei lagt ned i 2012, og er no drifta av Trellevik Kystkultursenter.

Samlinga består av utvalte gjenstandar frå steinalderen fram til 1960-åra. Ei gruppe entusiastar og fagpersonar er i samarbeid med kulturkontoret i Sund kommune nå i gang med å etablere ei god formidlingsramme for samlinga. Eit stort klasserom på skulen vert pussa opp og tilrettelagt som utstillingslokale. To studentar frå Universitetet i Bergen har registrert gjenstandane frå Berge bygdemuseum og laga ei digital oversikt. Denne er publisert som blogg på <https://olavtoftsamlinga.wordpress.com>. Ein biletkunstnar, Maia Urstad, er med som idéskapar og formgivar. Det er òg etablert eit samarbeid med fagpersonar hos Bergen Senter for elektronisk Kunst om forskning og utvikling av digitale formidlingsløysingar som interaktive bøker og ”digitale” sjøkikertar (sjå eigen prosjektbeskrivelse). Felles mål er å få til ei best mogleg formidling, slik at at dei som besøker samlinga skal få ei god oppleving og forståing av vår lokale kulturarv.

Samlinga vert tilgjengelig for eit allment publikum. Ein ønskjer på sikt å utvikle formidlingstilbod for skuleungdom i Sund, Fjell og Øygarden, og eige tiltak for barn og unge. Vi ser for oss at Trellevik kystkultursenter kan invitera ungdom frå nabokommunane, inkludert Bergen, for å koma til Tofterøy på eit mangfald av kystkulturaktivitetar.

Skulen ligg med utsikt mot havet. Olav Toft si samling fortel om eit landskap som har vore busett langt tilbake i tid. Denne lokalhistoria er viktig for den som veks opp i dag. Ein kulturhistorisk dokumentasjon som Toft si samling setter vår tid og omgjevnader i eit større perspektiv. Ei kvalitetsbevisst og leken tilnærming til formidling av tradisjon gjennom nyskaping og bruk av digital teknologi, vil forhåpentlegvis vekke nysgjerrigheit og gjere historia og samlinga tilgjengeleg for mange. Samlinga byr på mange moglegheiter, og vil kunne utviklast vidare fleire år framover. 2016 blir første pilot!